

Årsmelding for 2008

Styret i Sandsøy idrettslag:

Leiar: Bjørn Thore Hansen

Nestleiar: Anne Bjørg Bringsvor

Kasserar: Svein Helge Bringsvor

Sekretær: Anders Bringsvor

Styremedlem: Terje Follestad

Varamedlemmer: Lisbeth Helland og Oddbjørg E. Olsen.

Vi har hatt 4 styremøter.

Dette året har vi hatt 76 medlemmar, 32 barn og 44 vaksne.

Talet på tillitsvalde fordelt på ulike verv har vore 31 personar.

Drifta i år har gitt ei omsetning på ca. 90000,- og der av eit overskot på ca. 1100,-.

Medlemskontingent i idrettslaget for 2008 var slik:

- barn 50,-
- voksne 100,-
- familie 200,-

Alle medlemmer fekk rabatt på kjøp av sportsutstyr hos Voksøy AS.

Spelaravgifta har i år vore 200,- for dei minste og 300,- for eldste.

Viser elles til rekneskapen og gjennomgangen av den.

Fotballgruppa

I år har vi hatt følgende lag:

Minigutt 8:

Trenarar: Ingrid og Monica. Oppmann: Svein Helge

Spelte turneringar saman med Kvamsøya, to VanKam-lag og tre Åheim-lag

Minigutt 10:

Trenar: Eirik, oppmann: Svein Helge

Spelte turneringar saman med Gjerdsvika, Hjørungavåg, VanKam og Åheim

Begge miniguttelaga var på GurskenCup i august og avslutta sesongen med TareCup i

Sunnmørshallen. Før kampane starta i Sunnmørshallen var laga på Peppe's, der spanderte vi pizza og brus på alle spelarane.

Vi vil nytte høve til å takke Eirik, Ingrid og Monica for framifrå innsats som trenarar

Smågutte 14 (5-ar):

Trenar/ oppmann: Arnvald og Magne

Laget gjorde ein veldig bra vårsesong, vann fem kampar, ein uavgjort og eitt tap. Ein tredjeplass i serien resulterte i opprykk til 1. divisjon. Dette var ikkje etter intensjonane for laget, eit opprykk ville føre til lengre reiser og mange helgekampar. Det ville bli vanskelig å stille lag pga. at mange av spelarane var med på andre lag. Vi prøvde å flytte laget til ei anna avdeling, men det viste seg å bli vanskelig å få fotballkretsen med på dette. Haustsesongen blei som vi frykta, lange helgeturar og hard motstand i kvar kamp. Men all ære til spelarar og trenarar som fullførte sesongen.

Gutte 16 (11-ar):

Samarbeidslag med Åram.

Laget blei administrert av Åram/Vankam. Fram til seriestart arrangerte vi ei trening i veka på Sandsøya. Laget hausta stor sportslig suksess, klar førsteplass i serien, tapte berre ein kamp.

To av heimekampane blei spelte i Oshaugane.

Laget var med på Norway Cup der dei kom til 1/8-finala i B-sluttspølet

Laget var også med på innendørs KM.

Jente 16 (7-ar):

Samarbeidslag med Åram og Kvamsøy

Trena for det meste på Åram, heimekampane blei fordelte mellom klubbane.

God sesong, 2. plass etter vårsesongen, opprykk til 1. divisjon, der enda laget på 2. plass.

Laget var med på Norway Cup der dei kom til 1/16-finala i A-sluttspølet

Laget var også med på innendørs KM, der tapte dei bronsefinala.

29. november blei fotballsesongen avrunda med fotballavslutning på Dollstun. Alle fotballspelarane med foreldre var inviterte. På programmet stod utdeling av diplomar og premiar, litt mat og drikke, og til slutt ein liten diskusjon om 2009-sesongen.

Trimgruppa

Trimgruppa stiller med eigen årsrapport og der får vi mellom anna høyre meir om årets 7-toppstur og friidrettssatsing.

Arthur-helga 2008

Samarbeidsprosjekt mellom idrettslaget, hornmusikken og ungdomslaget.

Det blei danna eit festivalstyre som bestod av ein representant frå kvart av laga, ein frå Kong Arthur-spelet, pluss to uavhengige. Frå idrettslaget stilte Anne Bjørg. Festivalstyret skulle organiserer og administrere, med vekt på matserving. Overskotet enda med 14000,- til kvart av laga, 1/3 av dette var loddsal. Gjekk stort sett veldig greitt, folk var fornøgde, men en del ting å rette på. Kanskje samle alt matsal på ein plass, servere grillmat, større telt osv.

Telefonkataloger

Vi blei spurt av Skjetten Sportsklubb som står for distribusjonen av telefonkatalogen, om å dele den ut på Sandsøya/ Voksa og Kvamsøya. Det takka vi ja til, jobben gav oss 2700 kr. i kassa.

Frivillighetsregisteret – fordeling av grasrotandelen

Vi har registrert oss i "Frivillighetsregisteret". Det betyr at alle som tipper, som er registrerte spelarar hos Norsk Tipping, kan bestemme at Sandsøy IL skal få inntil 5 prosent av tippeinnsatsen. Vi oppmoder alle som tipper om å nytte seg av denne muligheita.

Overtreksdressar

Etter å ha snakka om det i fleire år lykkast vi endelig med å tilby klubbdressar til våre aktive i idrettslaget. Vi fekk to typar å velje mellom, ein polyester og ein i micro stripe kvalitet. Begge dressane har suppleringsgaranti ut år 2010. Det blei invitert til prøving og bestilling på skulen. Voksøy AS gav oss 15% rabatt på veil. prisar. Sparebanken Møre og Sandefisk sponsa trykk på dressane.

ÅRSRAPPORT 2008 TRIMGRUPPA

Dette året har trimmgruppa bestått av Kristin Grande, Janicke Bringsvor, Inge Skare, Linda Langlo, Solgunn Våge og Laila Bringsvor.

Vi har i 2008 ikkje gjort så veldig mykje. Vi har fortsatt med litt friidrett, der har det møtt ca 15 born på kvar trening. Vi har hatt trening kvar torsdag.

Langfredag hadde vi sjølv sagt 7-Topps turen med eit forrykande ver !!!
Der vi måtte godkjenne 5 av 7 toppar pga fleirtalet av startande ikkje greidde å ta seg over Øyna.!!!

Trimmbøkene har lagt ute heile året og enkelte har vore godt besøkt.

Kletten med heile	- 1770
Voksehaugen	- 834
Hellandsvågane	- 834
Dollstein	- 639
Øyna/ Rinden	- 387
Kleiveneset	- 328
Grøntua	- 327
Trollhola	- 88

Boka ved Trollhola er veldig lite besøkt , så der må vi gjere eit kvart.
Enten bytte ho ut med Hellandsfjella eller berre kutte den ut.

11 born har oppnådd nok poeng til trim pokal. Dei har vi dessverre ikkje fått endå.

På Kletten har desse gjort seg fortjent til svette dråpe.
Kjell Toftesund -- ca 246 gonger
Bjarne Strømsnes -- ca 254 gonger
Petter Toftesund -- ca 334 gonger
Erling Strømsnes -- ca 339 gonger

Helsing trimgruppa